

**NOTAT****Vedlegg nr. 2**

Til: Miljøløftets styringsgruppe
Fra: Vestland fylkeskommune
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
Torill Klinker / 90899261
Vår dato: 11.03.2022

Sak 20/22**Bybanen til Fyllingsdalen og tilhøyrande stamsykkelveg, varsel om overskridning i høye styringsramme****Bakgrunn**

Fylkesdirektøren vart den 05.02.2022 gjort kjend med ei kostnadsutvikling på bybaneprosjektet, etter at styringsgruppa for Bybanen BT 4 handsama saka den 04.02.2022. Fylkesdirektøren ser det som naudsynt at Fylkesutvalet vert orientert om saka snarast mogleg.

Fylgjande tal vart rapportert (alle tal i 2022-kr):

Bybaneprosjektet: Sluttpognose kr 7 812 186, som er kr 267 071 over styringsramma og kr 754 009 under kostnadsramma (3,5% over styringsramma)

Stamsykkelvegen: Sluttpognose kr 1 114 922, som er kr 120 464 over styringsramma og kr 11 659 under kostnadsramma (12% over styringsramma)

Frå fylkeskommunen si side er det viktig å presisere at overskridinga ikkje skuldast auka kostnader, men feil bruk av indeksar. Den reelle prisstiginga frå 2017 til 2018 har vore høgare enn den forventa indeksen for 2018 frå Finansdepartementet. Dermed har prosjektet og Staten brukt to ulike styringsrammer, der den statlege har vore lågare enn prosjektet si.

I sluttprognosene som vart gjeve i desember 2021 var berre restbeløp – og ikkje påløpt rekneskap frå tidlegare - indeksert til 2021-kroner. Dermed vert sluttprognosene høgare enn tidlegare meldt.

Vedlagte sak har vore til handsaming i hovudutval for samferdsle og mobilitet og i fylkesutvalet. Det vart fatta fylgjande vedtak:

1. Fylkesutvalet ber styringsgruppa i Miljøløftet om å justera styringsramma for Bybanen til Fyllingsdalen og tilhøyrande stamsykkelveg, i samsvar med varsla overskridning.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at overskridinga vert finansiert innanfor gjeldande finansieringsløysing, det vil seie bompengar for bybane-prosjektet og statlege post 30-

midlar for sykkelstamvegen.

Bybane-prosjektet er finansiert gjennom 50/50-ordninga med halvparten statlege midlar og halvparten bompengar. Stamsykkelvegen er fullfinansiert gjennom statlege post 30-midlar.

Ettersom dei varsla overskridingane ligg innanfor kostnadsramma bør sluttføringa av prosjekta gjennomførast med same finansieringskjelder. Dette vil dverre kunne gå ut over andre prosjekt i Miljøløftet, anten ved at dei vert skubba framover i tid, eller avkorta i omfang.

Forslag til vedtak

Styringsgruppa i Miljøløftet justerer styringsramma for Bybanen til Fyllingsdalen og tilhøyrande stamsykkelveg, i samsvar med varsla overskriding. Overskridinga vert finansiert innanfor gjeldande finansieringsløysing, det vil seie bompengar for bybane-prosjektet og statlege post 30-midlar for sykkelstamvegen.